



Helselaget på tur. Foto: Astrid Haugse

Torger Øye var klar med bussen ved Grano i god tid før avgang kl. 07.50. Sidan det var god plass i bussen hadde også 7 damer frå Seimsfoss Helselag slege lag med oss. Vi vart totalt 27 stk. Veret var grått men humøret på topp.

Torger fekk oss trygt fram til Ytre Arna. Dei siste metrane ned til fabrikkjen var så smale at han måtte stoppa litt før - og rygga opp att etter å ha sett oss av.

Gründerane var Hildegunn Møster, Signe Aarhus og Kolbjørn Valestrand. Kolbjørn tok imot saman med Gerda Sørhus Fuglerud. Ho er den nye generasjonen som skal driva vidare. Han fortalde historien saman med film og viste oss rundt. Dei starta opp 06.01.1992 i leigde lokale i Janusfabrikken på Espeland. Då dei vaks ut av desse lokala kom dei til Ytre Arna i den gamle Arne Fabrikken frå 1846. Dei bruka eitt år på å pussa opp og hadde no flotte arbeidstilhøve.

Det var imponerande å sjå den fine tråden, alle maskinane som gjekk for fullt, effektiv dampemaskin, maskin til å sy i knappar og spesialmaskinar for alle andre arbeidsoperasjonar. Dei produserer 200 jakker om dagen. Etter å ha sett alt forstod vi kvifor varene er dyre. Kolbjørn samanlikna timeløn. Hos dei er timeløna kr. 200,00, i Baltikum kr. 20,00 og i Kina kr. 2,00. Eit plagg frå Oleana er kvalitet. Ein kastar det ikkje etter få gongers bruk.



Fargerike jakker med svært god kvalitet. Foto: Eli Eik

Mellom 70 tilsette var det folk frå 17 nasjonar. Tilflytterane var dugande fagfolk. I tillegg til fast løn vart det utbetalt bonus. Bonusen var like stor for alle enten det var direktør eller syerske. Dei har inga aldersgrense. Ei som slutta i fjor var 86 år. Dei hadde trimrom og alle tilsette vart invitert med på tur til leverandørar, t.d. var 60 personar til Italia sist haust.

Etter omvisinga hadde vi lunsj på Fargeriet Kafè, rommet der Arne Fabrikkar hadde fargeriet sitt. Vi fekk velsmakande fiskesuppe og nybakt brød, kaffi og kanelbolle. Det var god tid til å handla og fleire kom heim med nye jakker, skjørt, toppar og andre plagg.

På heimvegen vart det tid til stopp på Bjørkheim. Nokre var innom Safa og andre nytte is i solveggen. Alle var samde om at det hadde vore ein kjekk tur. Stor takk til Torger Øye for god køyring.



Ivrige tilhørarar får informasjon om drifta. Foto: Eli Eik

Tekst: Eli Roseth Eik, Skrivar
Nett: Hans Ordin Østebø